



Vedtekter for kommunale barnehagar – gjeldande frå 1.4.2019

§ 1 Eigartilhøve og ansvar for drift av barnehagane

- 1.1 Vedtektene gjeld barnehagar som blir drivne av Klepp kommune.
- 1.2 Hovudutval for barn og unge er styringsorgan for dei kommunale barnehagane i Klepp.
- 1.3 Barnehagane er administrativt knyta til tenesteområde barn og unge.

§ 2 Formål

- 2.1 Barnehagane skal vera ei pedagogisk verksemd. Dei skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar, forskrifter, nasjonal rammeplan, kommunale vedtekter og den enkelte barnehage sin årsplan.
- 2.2 Barnehagen skal vera ei kvalitativ god og fleksibel teneste som tek sikte på å imøtekoma dei behov innbyggjarane i Klepp har.

§ 3 Opptak

- 3.1 Klepp sin opptakskrins er barn som bur i Klepp kommune, og barn med lovfesta rett til barnehageplass. Barn med lovfesta rett er barn mellom 1-5 år. Barnet må fylla 1 år seinast innan utgangen av november det året dei søker om barnehageplass (jf. barnehageleva §12a).
- 3.2 Det er eitt hovudopptak til barnehagane. Hovudopptaket er i perioden 1.mars til og med 31.mai. Søknadsfristen er 1.mars.
- 3.3 For å ha rett til plass må barnet vera busett i Klepp kommune ved oppstart i barnehagen.
- 3.4 Barn som søker innan fristen for hovudopptaket og som har lovfesta rett til barnehageplass, vil få plass før ein tek inn barn som søker etter fristen.
- 3.5 Klepp kommune oppfylgjer plikta si når det gjeld lovfesta rett til barnehageplass ved å tilby barnehageplass innan kommunegrensa (jf. barnehageleva §12a).
- 3.6 Opptak av barn skjer i samsvar med kriterium for samordna opptak som er sett i Klepp kommune.
- 3.7 Dei eldste barna blir prioritert og trekt først. Opptak av barn skjer i samsvar med reglane i forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak.
- 3.8 Prioritet ved opptak skjer i følgjande rekkjefølgje:
 - a) Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas ei sakkunnig vurdering for å vurdere om barnet har nedsett funksjonsevne. (jf. § 13 i Lov om barnehagar).
Barn som er omfatta av omsorgsvedtak og andre vedtak fatta i fylkesnemnda i medhald av Lov om barnevern tenester §§ 4-12 og 4-4. (jf. 7-2 første ledd).
 - b) Barn frå familiar som har store belastningar pga. alvorleg sjukdom og/eller funksjonshemming kan søkja om prioritert plass. Søknaden må sendast tenesteområde barn og unge og vera dokumentert med skriftleg anbefaling frå popt-kontor, helsestasjon, lege eller barnevern.
 - c) Barn av foreldre som er ein del av introduksjonsordninga i Klepp kommune.



- d) Barn som har plass i barnehage som avvikles eller stenges.
- e) Søskenprioritet i same barnehage. Det vert gitt prioritert plass til søsken av barn som allereie har plass, og som skal fortsetta i barnehagen

3.9 Tildelt plass gjeld fram til skulepliktig alder, det vil sei frå opptaksdato til nytt barnehageår i august det året barnet fyller 6 år, eller til barnet flyttar ut av kommunen.

3.10 Rådmannen kan disponera barnehageplassar som personalpolitisk tiltak for stillingar det er vanskeleg å rekruttera til. Rådmannen har utarbeidd reglar for tildeling.

§ 4 Opningstida

4.1 Nytt barnehageår startar i august på same tid som skule.

Su/driftsstyret i den enkelte barnehage fastsett den daglege opningstida og ferieordningar innanfor følgande regelverk og barnehagane sine økonomiske rammer.

- Julaftan og nyttårsaftan held barnehagane stengt.
- Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane kl. 12.00

4.2 Barna må ha minst 5 veker ferie i løpet av barnehageåret.

- 3 ferieveker må vera samanhengande i perioden 1.juni - 15.august
- Planleggingsdagane kan reknast som ferie.
- Foreldre som kan dokumentera at dei ikkje har tariff-festa rett på dei siste 4 feriedagane opp til 5 veker, får dispensasjon for desse 4 dagane.
- Føresette må gje melding om barnets sommarferie innan 1.mai.

4.3 Personalet i barnehagen har rett til 5 planleggingsdagar i året. Desse dagane er barnehagane stengde.

4.4 Maksimum opphaldstid pr. dag er 9 timar.

§ 5 Betaling

5.1 Betaling for barnehageplass skjer etter «Forskrift om foreldrebetaling i barnehage» og vert vedteke av Klepp kommunestyre. Kommunen har utarbeidd eigne retningslinjer for fastsetting av betalingssettar og betalingsrutinar. Betaling for kost kjem i tillegg.

5.2 Årsbetalinga vert fordelt på 10 månadar, juli og august er betalingsfri. Dersom avgifta ikkje blir betalt på føreskriven måte kan det føra til oppseiing av plassen om det manglar betaling utover 2 månader.

5.3 Betalingsfrist er den 15. i kvar månad. Uregelmessig betaling fører til at barnet mister plassen.

5.4 Husstandar med låg inntekt kan ut frå nasjonale reglar søkja om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid.

5.5 Vedtak om foreldrebetaling retta til den enkelte brukar kan påklagast. Fylkesmannen er klageinstans. Klagen må sendast via barnehagesjefen innan 3 veker etter at vedtaket er gjort kjent for føresette.

§ 6 Oppseiing

6.1 Oppseiing av barnehageplass skal gjerast skriftleg til barnehagen.

- Barnehagane har ei oppseiingstid på 1 månad, og oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar månad.

- Ved oppseiing etter 1.april må det betalast ut barnehageåret i august. Det vil sei at barn som ønskjer å slutta etter 1.mai må betala fram til nytt barnehageår i august, sjølv om plassen ikkje vert nytta.
- Det kan berre søkjast fritak frå betaling etter oppseiingsmånaden dersom barnet flyttar frå kommunen.

6.2 Ved flytting ut av kommunen gjeld reglane for oppseiing. Ein kan etter søknad til styrar behalda barnehageplassen ut påbegynt halvår.

6.3 Kommunen kan sei opp barnehageplassen ved:

- Manglande betaling
- Dersom ein oppgjer urette opplysningar ved opptak
- Dersom barnet uteblir frå barnehagen i lengre tid utan at personalet er varsla
- Ved gjentakande brot på opningstida

§ 7 Foreldreråd og samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jf. §§ 4 og 5 i Lov om barnehagar.

- Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barn i barnehagen
- Samarbeidsutvalet består av likt antal foreldre/føresette og tilsette
- Klepp kommune som eigar er representert i samarbeidsutvalet ved politiske representantar

§ 8 Leike- og opphaldsareal per barn

Hovudregel for arealutnytting:

- For barn over 3 år: 4 m² netto leike- og opphaldsareal
- For barn under 3 år og barn med nedsett funksjonsevne: 5,5 m² netto leike- og opphaldsareal

§ 9 Internkontroll

Barnehagane er omfatta av Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular mfl. Det skal finnast dokumentasjon for internkontrollsystem i kvar barnehage.

§ 10 Barnas helse

Før barnet begynner i barnehage skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til ordinær undersøking på helsestasjonen kan ei slik erklæring verta gitt av føresette.

§ 11 Forsikring

Klepp kommune har ulykkesforsikring for barna.

- Forsikringa gjeld reise til/frå barnehagen og heimen ved levering og henting, og den tida barna er i barnehagen
- Forsikringa gjeld ikkje ved tap av personlege eigendelar

§ 12 Teieplikt

For folkevalde, administrasjon og tilsette i barnehagane gjeld reglane om teieplikt i forvaltningslova §§ 13 og 13 f.

§ 13 Endring av vedtektene

Endringar i desse vedtektene krev vedtak i hovudutval for barn og unge.